

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

**Søknad til Næringsfondet - Nordic-Cosmetics AS - Utvidelse til Sverige og Danmark
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Utvidelse til Sverige og Danmark vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 027/23 Vedtak:

Prosjektet Utvidelse til Sverige og Danmark vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Nordic-Cosmetics AS er eit aksjeselskap. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutval. Registrert: 01.07.2021.

Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar:

Nordic-Cosmetics AS vart etablert sommaren 2021 og driv i dag med sal av kosmetiske/hudpleie produkt over nett gjennom nettbutikken qkoreancosmetics.no. Selskapet er lokalisert på Manger med to tilsette, ein tilsett på heiltid og ein på deltid.

Om prosjektet:

Nordic-Cosmetics har eksklusive salsrettigheter til det sørkoreanske hudpleiemerket Elisha Coy i heile Norden. Nordic-Cosmetics har gjennom dei to åra selskapet har eksistert bygd seg kraftig opp og omset produkt for 1 MNOK pr måned i den norske marknaden.

Selskapet er i gang med etablering av fysisk butikk/studio på Manger samt ny nettbutikk, milana.no.

Dei to gründerane bak Nordic-Cosmetics ønskjer å utvikle selskapet vidare og vil hausten 2023 etablere moglegheita for sal til både Sverige og Danmark.

Prosjektleveranse/Målsetting

For å vekse vidare vil selskapet gjennomføre ei etablering i Sverige og Danmark. Ei slik etablering vil opne ein ny og stor marknad, noko som vil kunne gi betydeleg auka omsetning i åra framover. Verksemda har eit overordna mål om å byggje opp eit e-handels selskap med fleire plattformer i ulike kategoriar.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Utvidelse til Sverige og Danmark	170 000	75 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til stor vekst for Nordic-Cosmetics, kor ein no utviklar selskapet vidare frå nettbutikk i den norske marknaden til fysisk etablering og samstundes viser eit internasjonalt vekstpotensial og vilje til satsing i Sverige og Danmark etter knappe 1,5 års drift.

Ei slik utvikling vil kunne bidra til vidare vekst i verksemda og skape arbeidsplassar i Alver kommune.

Vurdering:

Nordic-Cosmetics har potensiale for å skape vidare utvikling og vekst i verksemda og Alver kommune ser svært positivt på at ein ønskjer å satse vidare både med fysisk butikk og internasjonalt.

Etter ei vurdering samla sett er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det stimulerer til prosjekt som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alver kommune samt styrker entreprenørskap.

Vedlegg i saken:

31.05.2023 Nordic-Cosmetics AS søknad 28.04.23

1935097